



Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Torsdag 6. juni 2019

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem N.B. Ord for dagen
Gunvald Aarbø	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 1. juni -2019

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr. Tittel

**Sak for kommunal
representant**

S-21/19	Soknerådsvalet, endring av lista	
S-22/19	Gudstenesteliste for 2. halvår	
S-23/19	Offerliste for 2. halvår	
S-24/19	Referat frå sist møte	
S-25/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-26/19	Meldingssaker	
S-27/19	Open post	



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 21/19: Soknerådsvalet, endring av lista

Soknerådet sette på førre møte opp liste for soknerådsvalet 2019. På lista skulle det eigentleg vera 13 namn, slik at det kunne veljast åtte medlemer og fem varamedlemer. Det hadde ikkje lukkast nominasjonskomiteen å få tak i meir enn 12 kandidater til lista. Soknerådsmedlemene vart oppmoda om å finn ein kandidat til, men så langt kyrkjeverja kjenner til har ikkje dette lete seg gjera. Det er såleis framleis 12 namn på lista.

Etter førre møte har det og komme fram at det er ynskje om å føreta nokre endringar i rekkefølgja på lista. Endringane har vore drøfta i AU og vil verta lagt fram i møte.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.

Sak 22/19: Gudstenesteliste for 2. halvår

Soknepresten har sett opp framlegg til gudstenesteliste for 2. halvår 2019. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga og skal godkjennast av soknerådet med dei endringane som måtte komma til i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner gudstenestelista for 2. halvår 2019 slik den ligg føre.

Sak 23/19: Offerliste for 2. halvår

Soknepresten har sett opp framlegg til offerliste for 2. halvår 2019. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga og skal godkjennast av soknerådet med dei endringane som måtte komma til i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner offerlista for 2. halvår 2019 slik den ligg føre.

Sak 24/19: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 2. mai vart etter møtet sendt til medlemene for godkjenning. Det endelege referatet er etter godkjenningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 2. mai 2019.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 25/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, konfirmantsamlingar, trusopplæring, temakveldar, kyrkjelege handlingar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa.

Framover skal det gjennomførast fleire arrangement der soknerådet bør sjå om alt er på plass for at ein skal få avvikla arrangementa på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 26/19: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Sommardrift på kyrkjegarden
2. Prosjekt for ungdom og diakoni, status for arbeidet
3. Ferieavvikling, sommaren 2019
4. Revisjon av rekneskapet for 2018
5. Prosjekt på kyrkjegarden, status og framdrift
6. Vegarbeidet på utsida av kyrkja

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 27/19: Open post